

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 137/2019

av 14. juni 2019

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/2014 av 14. desember 2018 om endring av vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU med omsyn til lista over område i Irland som er frie for østersherpesvirus 1 μ var (OsHV-1 μ Var)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2019/14 av 3. januar 2019 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32019 D 0014:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2019/14 av 3. januar 2019 (EUT L 3 av 7.1.2019, s. 3).”
2. I del 4.2 nr. 94 (kommisjonsavgjerd 2010/221/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

⁽¹⁾ TEU L 322 av 18.12.2018, s. 55.

⁽²⁾ TEU L 3 av 7.1.2019, s. 3.

”– **32018 D 2014**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/2014 av 14. desember 2018 (EUT L 322 av 18.12.2018, s. 55).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/2014 og (EU) 2019/14 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juni 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 14. juni 2019.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.